

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Brannvesenet sørger for feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Kor ofte det skal feiast, skal fastsetjast ut frå behov. Behovet vert bestemt ut frå oppvarmingssystemet i bustaden, sotmengd og anna.

Tilsyn og kontroll av piper og eldstader skal gjerast kvart fjerde år.

Heilårsbustader og fritidsbustader

Tenesta gjeld heilårsbustader og fritidsbustader, etter ny forskrift fra 1/1-16. [forskrift om brannforebygging](#) og [lokale forskrifter i Stranda Kommune](#).

Varsel om feiing eller tilsyn

Varsel om feiing eller tilsyn vert i stor grad sendt ut som tekstmelding via UMS-varsling og varslings lapp i postkassen nokre dagar før. Dersom ikkje tidspunktet høver, kan du avtale nytt tidspunkt med feiaren.

Lurer du på om ditt telefonnummer er knytt til denne tenesta, så kan du sjekke dette, og eventuelt endre oppføringa via www.servicevarsling.no.

Feiing - Sikker tilkomst

Det er bygningseigaren sitt ansvar å sørge for sikker tilkomst til og på tak. Er feiaren avhengig av laus stige for å kome til taket, skal eigaren sørge for at det er eigna stige på lett tilgjengeleg stad.

Før feiaren kjem skal du:

- Fylle ut svarslippen og henge den på ytterdøra.
- Legge fram stige (for dei med takfeiing).
- Sikre at stigen ikkje kan skli.

- Sjekke at takstige og andre innretningar er i forsvarleg stand og i samsvar med regelverket.
- Parafin-/oljebrennar skal vere sløkt og avstengd (for dei som har det).
- Stenge luker, ventilar og spjeld.
- Hugse å seie i frå til leigebruar.
- Passe på at ikkje noko anna kan være til hinder for feiinga.

Dersom det ikkje er klargjort for feiing (folk til stades, framlagt stige eller på anna måte gjeve klar melding om at det kan feiast) vil det ikkje bli feia.

Tilsyn

Eigar eller representant for eigar skal vere tilstades og sørge for at samtlige bueningar, eldstader og skorsteinar er tilgjengeleg. Om nødvendig må eigar eller eigars representant varsle andre brukarar (leigetakarar).

Tilsynet vil omfatte kontroll av:

- Eventuelt tidligare avvik eller merknader er fylgt opp og utbetra.
- Ny eldstad eller vesentlige endringar ved fyringsanlegget er meldt inn til kommunen.
- Anlegget er tilfredstillande kontrollert, ettersett og vedlikehalde.
- At røykvarslarar, håndslukkeutstyr og rømmingsveg følgjer regelverket.

Har huseigar informasjon til feiarvesenet som har betydning for tilsynet ber vi om at dette blir lagt fram til oss når vi kjem. Dette kan vere f.eks. monteringsanvisning til omn eller liknande.

Spør om ID-kort dersom du er usikker om det er feiaren som kjem på døra.

Har du spørsmål, ta kontakt med:

- Feiar formann Lillian Aasheim, tlf. 464 11 043
liala@stranda.kommune.no
- Feiarlærling Malin Pålsson, tlf. 464 11 036
malin.palsson@stranda.kommune.no
- Brannsjef Inge Teigen, tlf. 464 11 033
inte@stranda.kommune.no